



Stranda kommune  
Øyna 13  
6200 STRANDA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tone Helen Rørseth, 71 25 84 17

## Stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2024

Vi viser til rundskriv 2023-51 frå Landbruksdirektoratet og informerer om at kommunar kan søkje om stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2024. Viser også til søkarretteleinga «Stimuleringstilskudd til veterinærdekning» på Landbruksdirektoratet sine nettsider, og brukarretteleinga til saksbehandling i Agros under «Dokumenter»

Vi gjer kommunane spesielt merksame på følgjande for 2024:

- Frå 2021 vart det innført ei prøveordning med at kommunar som har hatt utfordringar med å få nok veterinærar til å delta i klinisk veterinæravakt utanom ordinær arbeidstid, har kunna sett vilkår om vakt deltaking for at veterinærane skal kunne motta stimuleringstilskot. Denne ordninga blir permanent frå 2024. Les meir om bakgrunnen i vedlegget til dette brevet.
- Statsforvalteren i Møre og Romsdal ber om litt meir utfyllande opplysningar i søknad/rapportering enn tidlegare år.

Stortinget har løyvd 35.722 millionar kroner i stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2024, der Møre og Romsdal fylke er tildelt 3.487.000 kroner. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjer vedtak om tildeling av midlane etter handsaming av søknadar frå kommunane, i tråd med føringar frå Landbruksdirektoratet. Kommunane utlyser tilskot med søknadsfrist for veterinærforetak i kommunane, og gjer enkeltvedtak etter forvaltningslova om tilskot til veterinærforetak.

Føremålet med stimuleringstilskotet er å medverke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsssvake område, og er viktig for å medverke til veterinærtenester på dagtid. Næringsssvake område er område der etterspørselen etter dyrehelsetenester, og dermed innteningsgrunnlaget for veterinærar, ikkje er stort nok til etablering av ein berekraftig veterinærpraksis.

### Utfordringar med å få nok veterinærar til å delta på klinisk veterinæravakt utanom arbeidstid

Kommunar som har utfordringar med å få nok veterinærar til å delta på klinisk veterinæravakt utanom ordinær arbeidstid, kan stille krav om vakt deltaking for at veterinærane skal kunne motta stimuleringstilskot. Føresetnaden for å kunne stille krav er at kommunen sin bruk av midlar over ordninga er i tråd med formålet med stimuleringstilskotet, som er å bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell på dagtid.



Kommunar som stilte krav om vakt deltaking for å motta stimuleringsstilskot i 2023, skal rapportere særskilt om dette til Statsforvaltaren ved den årlege rapporteringa om bruken av midlane.

### Utlysing av ordninga i kommunane

Kommunar som ønsker å søke om stimuleringsstilskot, vert oppfordra til å lyse ut midlane på ein hensiktsmessig måte, og sette ein frist til veterinærforetak for å søke. Kommunen må gjere ordninga kjent for alle veterinærar som arbeider eller bur i området søknaden gjeld for, slik at alle veterinærar får same mogelegheita til å søke.

Søknadsfristen må vere så tidleg at kommunen rekk å gå gjennom søknadane før kommunen skal søke om midlar frå Statsforvaltaren. Søknadane frå veterinærforetaka vil gi kommunen kunnskap om kva tiltak dei bør søkje om stimuleringsstilskot til, og kor mykje tilskotsmidlar de treng. Vi oppmodar kommunane om å ha god dialog med veterinærane for å finne gode tiltaka for tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester.

Det finnst ikkje eige søknadsskjema som veterinærforetak kan nytte for å søkje om stimuleringsstilskot frå kommunen. Grunngeven søknad må sendast til kommunen på e-post eller per brev innan fristen som kommunen har fastsett.

### Kven kan søkje stimuleringsstilskot frå Statsforvaltaren

Alle kommunar og vakt distrikt i Møre og Romsdal kan søkje om midlar til stimuleringsstilskot frå Statsforvalteren i Møre og Romsdal. Det er administrasjonskommunen som søker på vegne av vakt distriktet, om heile vakt distriktet søker i lag.

### Søknad og søknadsfrist hos Statsforvaltaren

Søknad frå kommunar til Statsforvalteren skal skje elektronisk via Altinn, og frist for å søkje er **20. februar 2024**.

Statsforvaltaren handsamar og sender ut vedtaksbrev elektronisk via Agros. For nærare rettleiing om elektronisk søknad, sjå vedlagte kopi av rundskriv 2023-51. Søknadsskjemaet finn de på Altinn: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/stimuleringsstilskudd-til-veterinardekning/>

### Føringar og prioriteringar for tildeling

Rundskriv 2023-51 legg føringar for kva vurderingar Statsforvaltaren skal leggje til grunn for løyving:

Landbruksdirektoratet listar opp dei viktigaste kriteria for prioritering av søknadane i rundskrivet:

- a) «Kommunar med dårlig næringsgrunnlag for veterinærar skal prioriteres.
- b) Lavt dyretall og krevende infrastruktur bør vere blant kriteriene for tildeling av tilskudd.
- c) At stimulerings tiltaket er hensiktsmessig for å bidra til å sikre tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell, vil vere relevant å tillegge vekt.
- d) At det er vanskelig å rekruttere og beholde veterinær vil vere relevant å tillegge vekt.
- e) De mest aktuelle stimulerings tiltakene er etableringsstøtte, driftsstøtte samt å opprette kommunale veterinærstillinger hvor den ansatte også kan bidra til å løse ulike oppgaver i kommunen hvor veterinærens kompetanse kommer til anvendelse. Også andre stimulerings tiltak kan vere aktuelle.»



Landbruksdirektoratet har utarbeidd eit hjelpemiddel som også vert nytta i lag med kriteria og våre vurderingar av søknadane. Dette hjelpemiddelet er eit rekneark som syner tal dyr per kommune, vekta etter antatt innteningsgrunnlag for veterinærane etter dyreslag.

Statsforvalteren ber kommunane i søknaden skildre godt situasjonen i sin kommune/vaktdistrikt. Store deler av Møre og Romsdal har utfordringar med å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, og store deler av fylket er dermed i kategorien næringsssvake område. Dette gjer arbeidet med å fordele stimuleringstilskotet vanskeleg.

Hjelp oss ved å skildre det særneigne akkurat no i dykkar kommune/vaktdistrikt. Tilskotsramma for fylket samla er ikkje stor nok til å dekkje alle søknadar frå kommunane, så Statsforvaltaren er nøydd å gjere prioriteringar ved tildeling. Utfordring med å rekruttere og halde på veterinærer vil bli lagt mest vekt på, samt område med infrastruktur som gjer det vanskeleg å sikre tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell.

Utfordringane i kommunane med å sikre tilgang på dyrehelsepersonell har gradvis blitt større dei seinare åra, og det kan oppstå fleire situasjonar med mangel på veterinærdekning om veterinærer flytter eller pensjonerer seg. Det er også ofte periodevise eller varige endringar i infrastruktur som kan gi problem med veterinærdekning. Dette fører til at søknadssummane vil variere over tid, og for å bøte på lokale akutte utfordringar vil dermed fordelinga av tilskot til kommunane ikkje vere stabil frå år til år. Statsforvaltaren er difor avhengig av å få ei god skildring av situasjonen og utfordringane i kvar enkelt kommune/vaktdistrikt.

Vedtak om stimuleringstilskot gjeld for det kalenderåret tilskotet er løyvd for. Enkelte av stimuleringstiltaka det blir søkt midlar til kan vere av ein slik karakter at dei går over fleire år enn tilskotsåret. Statsforvalteren skal ikkje tildele eller gi tilsegn om midlar som gjeld for fleire år enn tilskotsåret.

Stimuleringstilskot kan ikkje nyttast til finansiering av andre ordningar som får øyremerka støtte over statsbudsjettet eller jordbruksoppgjeret. Det er for eksempel ikkje anledning til å nytte tilskotet til vederlag for klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid eller til å dekke kostnader ved veterinærreiser.

### **Fordeling vidare av stimuleringstilskot i kommunane**

For å oppnå best effekt av midlane lokalt, må kommunen sjå søknadar dei har motteke opp mot kvarandre og vurdere dei samla, før søknadene blir prioritert for løyving. Kommunen kan bruke lokalt skjønn i si vurdering så lenge dette ikkje er i strid med vilkåra for stimuleringstilskot.

Kommunen kan tildele stimuleringstilskot til veterinærer som har søkt om midlar etter fristen kommunen har sett, viss søknaden er motteke før kommunen har fordelt stimuleringstilskotet.

### **Kontroll**

Statsforvaltaren kan føre kontroll med at midlane er brukt i tråd med vilkåra for tildeling, jf. bevilgningsreglementet § 10 andre ledd. Ved kontroll pliktar tilskotsmottakar å gi Statsforvalteren nødvendige opplysningar og dokument.

### **Vedtak og utbetaling til kommunane**

Vedtak og utbetaling av stimuleringstilskot til veterinærdekning til kommunane skal skje i Agros.



Vedtaksbrevet blir automatisk sendt til Altinn-postboksen til kommunen når vedtaket blir godkjent. Tilskotet blir samtidig sendt til utbetaling. Det kan likevel gå inntil fem dagar før kommunen får pengane på sin bankkonto.

Midlar som kommunen ikkje har brukt opp i kalenderåret dei er løyvd for, må Statsforvaltaren dra inn. Viss kommunen ikkje har brukt midlane i samsvar med vilkåra for å motta stimuleringsstilskot, kan Statsforvaltaren vurdere å krevje heile eller deler av tilskotet tilbake.

### **Klage**

Vedtak om løyving av stimuleringsstilskot frå Statsforvaltar til kommunar er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova. Kommunane har derfor ikkje rett til å klage på vedtak om stimuleringsstilskot.

Kommunen sitt vedtak om å løyve stimuleringsstilskot vidare er derimot enkeltvedtak etter forvaltningslova med klagerett. Statsforvalteren er klageinstans. Kommunen må vurdere ei evt. klagesak på nytt, og kan enten gjere om vedtaket, eller sende det til klageinstansen Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova §29. Søkjar kan be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og § 19.

### **Om rapportering av midlar tildelt i 2023**

Rapportering av midlar som vart tildelt i 2023, skal rapporterast til Statsforvaltaren når de søker om nye midlar i Altinn. Dei kommunane som ikkje søker om midlar, men som skal rapportere på tildeling for 2023, må sende rapporten direkte i e-post til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: [sfmrpost@statsforvalteren.no](mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no)

### **Krav til rapportering for bruk av midlar i 2023**

1. Ei vurdering av tilgangen på tenester frå dyrehelsepersonell i dei ulike kommunane/vaktdistrikta.
2. Alle tiltaka kommunen har brukt midlane på.
3. Beløp per tiltak.
4. Eventuelle endringar frå planen kommunen oppga i søknaden.
5. Grunngeving for eventuelle endringar.
6. Effekten av gjennomførte tiltak.
7. Beløp som ikkje er utbetalt.
8. Kommunen si eiga finansiering av veterinærtenester ved sida av stimulerings-, vakt- og administrasjonstilskot til veterinærdekning frå staten.
9. Om de har nytta prøveordninga med å stille krav om vakt deltaking for å motta stimuleringsstilskot i 2023, viss ja, skal de beskrive erfaring med ordninga.

Kommunane kan sjølv sette krav til rapportering i vedtaksbrevet for tilskot dei har løyvd til veterinærforetak. Det vil vere hensiktsmessig å be om rapportering på dei opplysningane som kommunen skal rapportere vidare til Statsforvalteren.



Med helsing

Brit Kari Eidseflot Hauger (e.f.)  
underdirektør

Tone Helen Rørseth  
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakere:**

Vanylven kommune

Sande kommune

Herøy kommune (Møre og Romsdal)

Ulstein kommune

Hareid kommune

Ørsta kommune

Stranda kommune

Sykkylven kommune

Sula kommune

Giske kommune

Vestnes kommune

Rauma kommune

Aukra kommune

Averøy kommune

Gjemnes kommune

Tingvoll kommune

Sunnadal kommune

Surnadal kommune

Smøla kommune

Aure kommune

Kristiansund kommune

Molde kommune

Hustadvika kommune

Volda kommune

Fjord kommune

Haram kommune

Ålesund kommune

Rådhusvegen 1

Rønnebergplassen 17

Postboks 274

Postboks 143

Rådhusplassen 5

Dalevegen 6

Øyna 13

Kyrkjevegen 62

Postboks 280

Valderhaug 4

Rådhuset Brugata 10

Vollan 8 A

Kommunehuset

Nyjordvegen 12

Postboks 152, Bruhagen

Nordmørsvegen 24

Midtvågvegen 2

Postboks 94

Bårdshaugvegen 1

Postboks 34

Postboks 33

Postboks 178

Rådhusplassen 1

Tingplassen 1

Stormyra 2

Postboks 144

Postboks 33

Postboks 1521

6143 FISKÅ

6084 LARSNES

6099 FOSNAVÅG

6067 ULSTEINVIK

6060 HAREID

6153 ØRSTA

6200 STRANDA

6230 SYKKYLVEN

6039 LANGEVÅG

6050 VALDERØY

6390 VESTNES

6300 ÅNDALSNES

6480 AUKRA

6538 AVERØY

6631 BATNFJORDSØRA

6630 TINGVOLL

6601 SUNNDALSØRA

6650 SURNADAL

6571 SMØLA

6689 AURE

6501 KRISTIANSUND N

6413 MOLDE

6440 ELNESVÅGEN

6100 VOLDA

6211 VALLDAL

6282 BRATTVÅG

6025 ÅLESUND